



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>		
006/20	Klagenemnd	15.06.2020		
Sakshandsamar:	Miljø og tilsyn	Tone Furustøl		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	20/2350	Klassering:

### Vurdering etterspurt av Klagenemnda til saknr. 003/20 - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 19/1820, datert 18.11.2019 vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5.

#### Klagenemnd 15.06.2020:

##### Behandling:

Det vart sett fram følgjande endringsframlegg:

*Klagenemnda gjev klagar medhald, og sender saka tilbake til administrasjonen for utforming av vedtak med eventuelle naudsynte vilkår for å ivareta krav i forureiningslova.*

Framlegget vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Framlegg i møtet fekk 3 røyster (Arne Ramslie, Inger-Marie Nordland, Ståle Hopland) og vart vedteke mot 2 røyster (Leidulv Brunborg, Liv Hopland van der Kooij).

#### KLAG- 006/20 Vedtak:

Klagenemnda gjev klagar medhald, og sender saka tilbake til administrasjonen for utforming av vedtak med eventuelle naudsynte vilkår for å ivareta krav i forureiningslova.

#### Saksopplysningar

Saka gjeld klage på delegert vedtak datert 18.11.2019, sak 19/1820, om nytt utsleppsløyve for eigedomane gbnr. 181/1 og gbnr. 181/11. Saka var til behandling i Klagenemnda i møte den 06.05.2020, der klagen vart sendt tilbake til administrasjonen for grundigare vurdering.

Klagenemnda fatta følgjande vedtak:

#### «KLAG- 003/20 Vedtak:

*Klagenemnda utset saka.*

*Klagenemnda sender saka attende til administrasjonen for ei grundigare vurdering av om omsøkt nytt anlegg, eller eksisterende anlegg, har størst risiko for forureining av Storavatnet.*

Dette saksframlegget og skriv, datert 19.05.2020, frå klagars representant, Advokatfirmaet Harris, supplerer førre saksframlegg, 003/20.

I skrivet frå klagars representant vert det vist til uttale frå teknisk drift, datert 08.11.2018 i sak 18/1075 med JP 18/31103 - gbnr. 182/8. Uttalen er vurdert i avslaget og i førre saksframlegg. Det er ikkje fatta vedtak i saka på gbnr. 182/8 som betyr at eigedomen må sende inn ny søknad om utsleppsløyve. I saksframlegget 003/20 er det vist til ny og revidert uttale frå teknisk drift som også gjeld gbnr 182/8, datert 25.02.2020. I uttalen datert 25.02.2020 kjem det fram at dersom det kjem ny søknad for gbnr. 182/8 må saka vurderast på nytt etter gjeldande plangrunnlag.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det i uttalen frå 08.11.2018 i sak 18/1075, har kome nye opplysningar og filtrer vurderingane som er gjort tidlegare.

I skrivet frå klagars representant er det vist til uttale frå Martin Varden, som teknisk sjef for Lindås kommune på tidspunktet for klauseringa av Storavatnet. Uttalen er frå 08.06.2017 og gjeld sak 16/378. I sak 16/378 er det gjeve endeleg avslag på utsleppsløyve i Klagenmenda for gbnr. 181/11 den 12.06.2017.

Uttalen frå Martin Varden gjeld forståing av klauseringsføresegna. Forståing av klauseringsføresegnane er vurdert i avslaget og i førre saksframlegg 003/20.

Klausuleringsføresegnene legg begrensninger på eigar sin rett til å disponere over eigedommen. Bestemmelsen i § 1 om at fornying av bygningane kan skje ved elde gjeld vedlikehald av bygningsmassen, som skifte av kledning, vindauge tak og liknande arbeid. I § 4 er det fastsett at bustadar og hytter innanfor ein avstand på 100 meter frå vatnet primært skal ha biologisk klosett utan avløp.

Klausureringsføresegn §1 gir inga føringar for omsøkte utsleppsløyve.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det i uttalen frå 08.06.2017 i sak 16/378 har kome nye moment i saka og filtrer vurderingane som er gjort tidlegare.

Administrasjonen vil og vise til overskjønn frå Gulating lagmannsrett frå 1983. Skjønnnet gjeld erstatningar som følgje av klausulering av nedslagsfeltet for Storavatnet. I skjønnet fekk både eigedomen 181/1 og 181/11 erstatning som følgje av klausulering av Storavatnet, og den negative verknad dette fekk for eigedomane. Dei er dermed der gjeve erstatning for at dei ikkje kan ha ordinært utslepp på eigedomen.

### **Vurdering**

Det er søkt om utsleppsløyve til felles minireinseanlegg av typen Klargester biodisc med etterpolering der utsleppet skal gå vidare til etablert jordbruksgrøft. Det skal installerast vassklosett på gbnr. 181/11 som ikkje har vassklosett i dag. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 15 pe.

Utsleppsløyve skil mellom løyve til utslepp av svartvatn og løyve til utslepp av gråvatn. Svartvatn er utslepp frå toalett, dvs. kloakk. Gråvatn er utslepp av avløpsvatn frå kjøkken, vask og dusj.

Søknaden gjeld oppgradering av godkjend utsleppsløyve for to bustadhus på gbnr. 181/1 og auka utsleppsløyve for eit bustadhus på gbnr. 181/11. Bustadhusa på gbnr. 181/1 har i dag utslepp av svartvatn som vert reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før utsleppet vert ført til terreng. Bustadhuset på gbnr. 181/11 har i dag godkjend berre utsleppsløyve for gråvatn.

Oppsummert omhandlar søknaden oppgradering av to eksisterande utslepp av svartvatn og eit endra utslepp frå gråvatn til svartvatn. Søknaden inneberer dermed eitt auka utslepp av svartvatn.

Det er i søknaden gjort greie for at oppgradering av utsleppet frå bustadane på gbnr. 181/1 føreset at det vert gitt utsleppsløyve for svartvatn for gbnr. 181/11. Det var dermed lagt til grunn i avslaget at når søknaden om utsleppsløyve for eigedomen gbnr. 181/11 vart avslått var det ikkje grunn for administrasjonen å handsama søknaden om oppgradering av utsleppsløysinga for gbnr. 181/1.

#### Forureiningsrisiko

Eksisterande utsleppsløyve var vurdert opp mot dei forureiningsmessige omsyn på det tidspunkt løyve vart gjeve. Dette var på ei anna tid og med eit anna lovverk enn i dag. I denne saka er det berre dagens søknad som skal vurderast.

I avslaget var ikkje søknaden om oppgradering av utsleppsløysinga for gbnr. 181/1 handsama (i tråd med tiltakshavars føresetnad) då utsleppsløyve for eigedomen gbnr. 181/11 vart avslått. Då slik vurdering er etterspurt av Klagenmenda, vil administrasjonen vurdere ulemper knytt til forureining, herunder forureiningsrisiko, for søknaden samla sett.

Spørsmålet er om forureiningsrisiko, for søknaden om oppgradering av godkjent utsleppsløyve for to svartvantutslepp og auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn, er av ein slik storleik at avslag på utsleppsløyve må gis, jf. forureiningslova § 11 femte ledd.

Vurderinga gjeld både oppgradering av godkjent utsleppsløyve for to svartvantutslepp og auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn.

Slik skrivet av 19.05.2020 frå klagars representant tydeleggjer, så er det ikkje omtvista at oppgradering av godkjent utsleppsløyve for to svartvantutslepp vil gi ein forbetra situasjon og vere ein fordel for dei to utsleppa, men risikoen for forureining til Storavatnet er framleis reel og vesentleg.

Auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvant betyr at tal utslepp av svartvann auka frå 2 til 3. Risikoen for forureining av Storavatnet aukar med tal utsleppsløyver til svartvatn. Dette fordi kloakk (svartvatn) er ein mykje større kjelde til forureining enn avløpsvann frå kjøkken, vask og dusj (gråvatn). Faren for og omfanget av lekkasje frå anlegget aukar med tal utslepp av svartvatn.

Utslepp av svartvatn gir ein vesentleg forureiningsrisiko for Storavatnet. Særleg gjelder dette i kombinasjon med ekstreme vêrforhold som i aukande grad gjer seg gjeldande.

Oppgradering av godkjent utsleppsløyve for to svartvantutslepp og auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn gir samla sett så store forureiningsmessige ulemper, blant anna forureiningsrisiko, at avslag på utsleppsløyve må gis, jf. forureiningsloven § 11 femte ledd.

#### Oppgradering av eksisterande utslepp

Administrasjonen viser til saksframlegget for Klagenmenda med saknr. 003/20, der vi er positiv til at eksisterande utsleppsløysingar i området vert oppgradert og vil kunne godkjenna ei oppgradering av eksisterande utslepp for eigedomen gbnr. 181/1 på gjevne vilkår slik det vart fremja i avslaget.

Administrasjonen vil og vise til at vi etter forureiningsforskrifta § 12-14 og forureiningsloven § 18 kan endre vilkår i eksisterande løyve og om nødvendig kalle tilbake utsleppsløyve til svartvatn til bustadhusa på gbnr. 181/1 og utsleppsløyve til gråvatn på gbnr. 181/11, dersom omsyna til forureiningsrisiko inneber at det bør gjerast. Kommunen kan også krevje oppgradering av eksisterande avløpsanlegg på gbnr. 181/11 og 181/1 med same grunngeving.

Administrasjonen vil i den samanheng vise til rettspraksis og dom frå Frostating Lagmannsrett (LF-2016-17908), om tilbaketrekking av utsleppsløyver frå hytter, grunngeven i omsynet til sikkert drikkevatt i kommunen. Faren for forureining ved utslepp i nedslagsfelt til drikkevatt førte til at utsleppsløyva blei trekt tilbake. Domstolen gav kommunen medhald i at faren for forureining i nedslagsfelt til drikkevasskjelda var tilstrekkeleg årsak til at utsleppsløyva skulle trekkast tilbake.

Dette til orientering.

#### Etablering av avløpsanlegget og tilhøyrande stikkleidningar

Administrasjonen vil og peike på at etablering av ny avløpsløyving som søkt om krev både utsleppsløyve etter forureiningslova og søknad og løyve til å etablere tiltaket (avløpsanlegget og tilhøyrande stikkleidningar) etter plan- og bygningslova, dvs. byggjeløyve. I denne saka er det berre søknad om utsleppsløyve som blir handsama. Etablering av avløpsanlegg vil vere i strid med omsynssona nedslagsfelt for drikkevatt og krevja dispensasjon frå byggeforbodet i omsynssona etter plan- og bygningslova.

Omsynssone med byggeforbod i nedslagsfelt for drikkevatt er tatt inn i revisjonen av kommunedelplanen for Lindås i 2019. Dette er gjort i samband med ei endring av drikkevannsforskriften, der ansvaret for drikkevatt er skjerpa og ein stor del av ansvaret for sikring av drikkevatt er flytta frå statleg mynde til kommunen.

Kommunen har ein streng praksis for etablering av avløpsanlegg og tilhøyrande stikkleidningar i nedslagsfelt for drikkevatt. I desse sakane har private interesser måtte vike for det overordna omsyn til folkehelse (drikkevatt), uavhengig av det omsøkte tiltakets forureiningsgrad. Betydinga av eit tiltaks forureiningsgrad er politisk vurdert i det aktuelle plangrunnlaget og det er satt forbod mot nye tiltak etter plan- og bygningslova og utslepp i nedslagsfelt for drikkevatt. Dette inneber at sjølv om det vert gjeve utsleppsløyve i denne saka krev det og løyve og dispensasjon etter plan- og bygningslova før tiltaket kan etablerast.

Samfunnet har dei siste åra hatt ei auka fokus på folkehelse og tilgang på og sikring av drikkevasskjelder. Kommunen har eit særleg ansvar for sikring av drikkevatt til innbyggjarane i kommunen.

Administrasjonen vil i denne samanheng også vise til dom frå Frostating Lagmannsrett (LF-2011-206994), om avslag på søknad om oppføring/rehabilitering av treplattung/terrasse etter plan- og bygningslova rundt en hytte i LNF-område og ved Jonsvatnet, som er drikkevasskjelda til Trondheim.

#### Konklusjon

Administrasjonen viser til linnstilling gjev av administrasjonen i saksframlegg for Klagenmenda med saknr. 003/20 og møtedato 06.05.2020 og legg til grunn at denne framleis er gjeldande.

Det er administrasjonen si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i den grundigare vurderinga som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

#### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

**Vedlagte saksdokument:**

Frostating lagmannsrett - LF- 2016-17908 - LF-2016-17920	1399130	02.06.2020
Frostating lagmannsrett - Dom - LF-2011-206994	1399131	02.06.2020
Skriv frå klagars representant i høve etterspurt vurdering frå Klagenemnda - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim	1399677	03.06.2020
Skriv frå klagars representant i høve etterspurt vurdering frå Klagenemnda - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim	1399678	03.06.2020
2318259170-33121-19680-144- 34	1399085	04.06.2020